Arbeidstilsynet

Førehandsmelding til Arbeidstilsynet om midlertidig tenesteyting som dykkar – dykkar klasse A, B eller dykkeleiar

Til deg som er EØS-borgar eller frå Sveits og ønsker å bruke det utanlandske kompetansebeviset ditt for arbeidsdykking eller som dykkeleiar i Noreg. Dette gjeld også nordmenn som har utanlandske kompetansebevis.

Informasjon til deg som skal søke om løyve

EØS-borgarar, sveitsarar og nordmenn med utanlandsk kompetansebevis kan søke Arbeidstilsynet om å bruke dette kompetansebeviset i Noreg for midlertidig arbeid som arbeidsdykkar eller dykkeleiar. Dersom søknaden blir innvilga, får du berre løyve til å bruke det utanlandske kompetansebeviset ditt for innanskjers arbeidsdykking av midlertidig varigheit som ikkje er relatert til offshoreverksemd. Når du fyller ut denne søknaden (førehandsmeldinga), søker du til Arbeidstilsynet om eit slikt løyve.

Dersom du skal søke om løyve til å etablere deg som dykkar i Noreg, må du fylle ut eit eige søknadsskjema for det (på arbeidstilsynet.no).

Eg har fått midlertidig løyve frå Arbeidstilsynet til å jobbe i Noreg i 12 månader og nå ønsker eg å jobbe lengre. Kva gjer eg?

Viss Arbeidstilsynet allereie har gitt deg løyve til å jobbe midlertidig i Noreg i 12 månader, og du ønsker å jobbe lengre må du søke om ny løyve til det.

Du kan enkelt søke om det ved å krysse her: ☐

Viss du søker om ein slik forlenging treng du ikkje sende inn same dokumentasjon som du har sendt inn tidlegare.

Dersom du har fått meir opplæring eller dokumentasjon på ny arbeidserfaring, er det endringar av betydning, og du må sende inn dokumentasjon på det saman med denne søknaden (førehandsmeldinga).

Når kan eg begynne å jobbe?

Du kan starte opp arbeidet når Arbeidstilsynet har gitt deg skriftleg løyve til å jobbe i Noreg.

Eg skal jobbe offshore, kven kan eg kontakte?

Ta kontakt med Havindustritilsynet eller virksomheten du skal jobbe for.

Kvar kan eg få meir informasjon om arbeidsdykking i Noreg?

Her kan du lese meir om arbeidsdykking innanfor Arbeidstilsynets myndigheitsområde (på arbeidstilsynet.no).

Gjeldande regelverk

Gjeldande regelverk er forskrift om utføring av arbeid kapittel 26 og yrkeskvalifikasjonslova med forskrift (på lovdata.no).

At this page, you can find relevant laws and regulations in English (at arbeidstilsynet.no/en/).

Merk

Du kan ikkje gjere arbeid i Noreg som dykkar eller dykkeleiar innanfor Arbeidstilsynets myndigheitsområde før du har fått godkjent søknaden (førehandsmeldinga) din frå Arbeidstilsynet.

Her finner du meir informasjon om kva som er innanfor Arbeidstilsynets myndigheitsområde (på arbeidstilsynet.no)

Dette må du sende inn

For at Arbeidstilsynet skal kunne behandle søknaden (førehandsmeldinga) din, må du gjere følgande:

- Utfylt søknad: Førehandsmelding til Arbeidstilsynet om midlertidig tenesteyting som dykkar/dykkeleiar (denne søknaden).
- Vedlegg: Kopi av passet ditt eller offisiell sertifisert kopi av annan identifikasjon som bekreftar nasjonaliteten din, for eksempel ID-kort.
- Vedlegg: Offisiell sertifisert kopi av dei utanlandske kompetansebevisa dine for dykking.
- Vedlegg: Om mogleg, offisiell sertifisert kopi av det utanlandske kompetansebeviset ditt med dokumentasjon på innhaldet og varigheit i opplæringa du har bestått.
- Vedlegg: Dokumentasjon på relevant arbeidserfaring.
  Det er ikkje eit absolutt krav, men i den graden du ønsker å dokumentere tidlegare arbeidserfaring anbefaler vi at du fyller ut punkt 4 i del 3 i denne søknaden (førehandsmeldinga) og tabell 1 i vedlegg 1. Du kan også legge til kopi av tidlegare dykkejournalar som vedlegg til søknaden (førehandsmeldinga). Det er ikkje krav om at kopi av dykkejournalar er omsett eller attestert.
- Vedlegg: Dersom du er etablert som dykkar/dykkeleiar i ein annan stat enn heimstaten din, skal du legge ved ein offisiell sertifisert kopi av dokumentasjon på at du er lovleg etablert og har rett til å utøve yrket i den staten du er etablert i.

Kvar skal jeg sende søknaden (førehandsmeldinga) og vedlegga?

Les meir om korleis du kan sende søknaden (førehandsmeldinga) og vedlegga til oss digitalt (på arbeidstilsynet.no). Dersom du ikkje har moglegheit til å sende via eDialog, kan du sende søknaden (førehandsmeldinga) og vedlegga via brevpost eller til denne adressa:

Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Torgarden
7468 Trondheim

Saksbehandlingstid

Merk at at saksbehandlingstida kan vere opptil tre månader etter at vi har fått all nødvendig dokumentasjon. Saksbehandlingstida blir kortare dersom du sender inn all nødvendig dokumentasjon saman med søknaden (førehandsmeldinga).

Andre viktige opplysningar

Språkkrav til dokumentasjonen du sender inn:
Identifikasjonspapir treng ikkje vere omsett til norsk, svensk, dansk (skandinavisk) eller engelsk. All annan dokumentasjon må vere omsett til skandinavisk eller engelsk.

Personvern

Her kan du lese meir om korleis Arbeidstilsynet behandlar personopplysningar (på arbeidstilsynet.no).

Del 1: Informasjon om deg som søkjar

1.0 Informasjon

Her fyller du inn opplysningar om deg som søker om å bruke det utanlandske kompetansebeviset ditt for arbeidsdykking og dykkeleiing i Noreg.

1.1 Namn:		1.2 Fødselsdato (DD.MM.ÅÅÅÅ):
1.3 Gateadresse:	1.4 Postnummer	1.5 Stad
1.6 Stat/Land:	1.7 E-postadresse	
1.8 Telefonnummer (hugs landskode, f.eks. +47):	1.9 Nasjonalitet:	
1.10 Skriv i kva land du er etablert som arbeidsdykkar. Du må vere godkjent som dykkar og ha løyve til å utøve yrket som dykkar i dette Landa:		

1.11 Kryss av for yrke(r) som du ønsker å utøve i Noreg:

☐ Dykkar klasse A ☐ Dykkar klasse B ☐ Dykkeleiar

Del 2: Informasjon om dykkarbevisa dine

2.0 Kompetansebevis for arbeidsdykking

Her fyller du inn informasjon om den dykkaropplæringa du har bestått. Hugs å legge ved sertifisert kopi av kompetansebevis når du søker.

Har du gjennomført delar av utdanninga og/eller jobba i England før brexit? I så tilfelle gjeld eigne reglar.
Les meir: yrkeskvalifikasjonslova §2a (på lovdata.no)

Skriv inn nivå av kompetansebeviset du har bestått: (f.eks. dykkarbevis klasse A)		
2.1 Namnet på dykkarskolen:	2.2 E-postadresse til dykkarskolen:	
2.3 Telefonnummer til dykkarskolen:	2.4 Maksimal djupne i meter (sertifiseringsdjupna, den maksimale djupna du blei lært opp i å dykke til):	
2.5 Varigheit på kurset (minutt), inkludert pausar:	2.6 Total dykketid (minutt):	2.7 Landa opplæringa blei gjennomført i:
2.8 Bevis- eller sertifikatklasse (nemning på sertifikatklassen som opplæringa blei gitt etter):		2.9 Dato for bestått opplæring:
2.10 Offisiell sertifisert omsetting av kompetansebeviset er vedlagd og markert med nr.:		2.11 Omsett kopi av utdanningsplanen er vedlagd og markert med nr.:
2.12 Namnet på den ansvarlege myndigheita som kompetansebeviset er utskrive av eller på vegner av:		
2.13 Meir informasjon om kurset/opplæringa (for eksempel verifikasjon av kvaliteten i opplæringa):		

2.14 Dersom du har fleire dykkarbevis, kan du fylle inn informasjon om det i dei neste rubrikkane:		
Skriv inn nivå av kompetansebeviset du har bestått: (f.eks. dykkarbevis klasse B)		
2.1 Namnet på dykkarskolen:	2.2 E-postadresse til dykkarskolen:	
2.3 Telefonnummer til dykkarskolen:	2.4 Maksimal djupne i meter (sertifiseringsdjupna, den maksimale djupna du blei lært opp i å dykke til):	
2.5 Varigheit på kurset (minutt), inkludert pausar:	2.6 Total dykketid (minutt):	2.7 Landa opplæringa blei gjennomført i:
2.8 Bevis- eller sertifikatklasse (nemning på sertifikatklassen som opplæringa blei gitt etter):		2.9 Dato for bestått opplæring:
2.10 Offisiell sertifisert omsetting av kompetansebeviset er vedlagd og markert med nr.:		2.11 Omsett kopi av utdanningsplanen er vedlagd og markert med nr.:
2.12 Namnet på den ansvarlege myndigheita som kompetansebeviset er utskrive av eller på vegner av:		
2.13 Meir informasjon om kurset/opplæringa (for eksempel verifikasjon av kvaliteten i opplæringa):		

2.14 Dersom du har fleire dykkarbevis, kan du fylle inn informasjon om det i dei neste rubrikkane:		
Skriv inn nivå av kompetansebeviset du har bestått: (f.eks. dykkarbevis for dykkeleiar)		
2.1 Namnet på dykkarskolen:	2.2 E-postadresse til dykkarskolen:	
2.3 Telefonnummer til dykkarskolen:	2.4 Maksimal djupne i meter (sertifiseringsdjupna, den maksimale djupna du blei lært opp i å dykke til):	
2.5 Varigheit på kurset (minutt), inkludert pausar:	2.6 Total dykketid (minutt):	2.7 Landa opplæringa blei gjennomført i:
2.8 Bevis- eller sertifikatklasse (nemning på sertifikatklassen som opplæringa blei gitt etter):		2.9 Dato for bestått opplæring:
2.10 Offisiell sertifisert omsetting av kompetansebeviset er vedlagd og markert med nr.:		2.11 Omsett kopi av utdanningsplanen er vedlagd og markert med nr.:
2.12 Namnet på den ansvarlege myndigheita som kompetansebeviset er utskrive av eller på vegner av:		
2.13 Meir informasjon om kurset/opplæringa (for eksempel verifikasjon av kvaliteten i opplæringa):		

3.0 Fagleg innhald i opplæringa

Her fyller du inn informasjon om det faglege innhaldet i den opplæringa du har gjennomført. Desse rubrikkane følger krava til innhald i opplæring i Noreg for høvesvis dykkarbevis kl. A, kl. B og dykkeleiar.

3.1 Krav i norsk regelverk for dykkarbevis klasse A	**Opplæring er gjennomført på ein dykkarskole:** (Sett kryss)	**Dokumentasjonen er markert med nr.:** (Fyll inn nr.)	**Anna opplæring eller arbeidserfaring:** (Sett kryss)	**Dokumentasjonen er markert med nr.:** (Fyll inn nr.)
Systematisk helse, miljø og sikkerheitsarbeid	☐		☐	
Norsk regelverk	☐		☐	
Yrkesdykkaropplæring for dykk ned til 30 meter	☐		☐	
a) Dykketeori	☐		☐	
b) Dykkefysiologi	☐		☐	
c) Førstehjelp	☐		☐	
d) Dekompresjonstabellar	☐		☐	
e) Kommunikasjonssystem	☐		☐	
f) Undervassfarer	☐		☐	
g) Risikovurdering	☐		☐	
h) Innføring i bruk av trykkammer	☐		☐	
i) Praktisk dykking	☐		☐	
j) Bruk av dykkarutstyr	☐		☐	
k) Bruk av vanleg og enkelt arbeidsutstyr	☐		☐	
l) Vedlikehald og reparasjonar	☐		☐	
m) Overflateprosedyrar	☐		☐	
n) Grunnleggande dykkeleiing	☐		☐	
o) Merking av dykkestad	☐		☐	
p) Opplæring i bruk av sjølvforsynt dykkarutstyr med luft som pustegass	☐		☐	
q) Opplæring i bruk av overflateforsynt dykkarutstyr med luft som pustegass	☐		☐	
r) Opplæring i bruk av overflateforsynt dykkarutstyr	☐		☐	
3.2 Tilleggskrav i norsk regelverk berre for dykkarbevis klasse B	**Opplæring er gjennomført på ein dykkarskole:** (Sett kryss)	**Dokumentasjonen er markert med nr.:** (Fyll inn nr.)	**Anna opplæring eller arbeidserfaring:** (Sett kryss)	**Dokumentasjonen er markert med nr.:** (Fyll inn nr.)
a) Opplæring i dei farane som dykking ned til 50 meter kan medføre	☐		☐	
b) Opplæring i fysiske og medisinske føresetnader	☐		☐	
c) Overflateforsynt dykking	☐		☐	
d) Progresjonsdykking til 50 meter	☐		☐	
e) Komplikasjonar ved dykkinga	☐		☐	
f) Bruk av trykkammer	☐		☐	

g) Bruk av våtklokke	☐		☐	
h) Bruk av varmtvassdrakt	☐		☐	
i) Operasjonelle forhold	☐		☐	
j) Dykkarutstyr	☐		☐	
k) Vanlege typar arbeidsutstyr	☐		☐	
l) Vanlege typar pustegass	☐		☐	
3.3 Krav i regelverket for dykkeleiaropplæring	**Opplæring er gjennomført på ein dykkarskole:** (Sett kryss)	**Dokumentasjonen er markert med nr.:** (Fyll inn nr.)	**Anna opplæring eller arbeidserfaring:** (Sett kryss)	**Dokumentasjonen er markert med nr.:** (Fyll inn nr.)
a) Organisering og leiing	☐		☐	
b) Kartlegging, vurdering av risiko, planlegging og iverksetting av tiltak	☐		☐	
c) Beredskap	☐		☐	
d) Dykkemedisin og livreddande førstehjelp	☐		☐	
e) Erfaringar frå evaluering av tidlegare ulykker	☐		☐	
f) Kommunikasjon	☐		☐	
g) Skadestadsleiing	☐		☐	
h) Åtferd i stressituasjonar, inkludert emosjonell førstehjelp	☐		☐	
i) God operasjonell praksis	☐		☐	
j) Har du i den praktiske undervisninga minst éin gong delteke i ei praktisk øving i rolla som dykkeleiar, der øvinga inneheldt alle følgande delar: • planlegging • risikovurdering • leiing av dykkeoperasjon • handtering av dykkarulykke, inkludert skadestadsleiing, brief og debrief	☐		☐	
k) Har du delteke på kurs som inneheldt evaluering av tidlegare ulykker og erfaringsdeling frå hendingar? Merk at opplæringa skal inkludere: • ei teoretisk prøve i regelverket for dykking • grunnleggande dykkemedisin • bruk av dykketabellar • journalføring	☐		☐	

Del 3: Informasjon om arbeidserfaringa di

4.0 Tidlegare arbeidserfaring som dykkar eller dykkeleiar i Noreg

Her kan du skrive inn tidspunkt og varigheit for den tidlegare arbeidserfaringa di som dykkar eller dykkeleiar i Noreg, dersom du har jobba i Noreg tidlegare. Du kan skrive inn meir informasjon i tabell 1 i vedlegg 1.

Frå (DD.MM.ÅÅÅÅ):	Til (DD.MM.ÅÅÅÅ):	Talet på arbeidsdagar

5.0 Dokumentasjon på rett til å utøve yrket

Du må dokumentere at du har rett til å utøve dykkaryrket i den staten / det landet du er etablert i. Dersom du er etablert i eit anna land enn heimlandet ditt, må du dokumentere at du har rett til å utøve yrket der. Dokumentasjonen du legg ved, må vere ein offisielt sertifisert kopi av originalen. Før opp kva vedlegg du viser til som dokumentasjon her.

Dersom du for eksempel har statsborgarskap i Bulgaria, men jobbar i Sverige, må du legge ved dokumentasjon på at du har rett til å arbeide som dykkar i Sverige. Dokumentasjonen du legg ved, må vere ein offisiell sertifisert kopi av den originale dokumentasjonen.

Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	
Vedlegg nr.:	

Er du etablert som dykkar/dykkeleiar og har rett til å utøve yrket i ein annan stat/andre land enn heimstaten din?

☐ Ja ☐ Nei ☐ Veit ikkje

Dersom Ja, skriv inn stat/land:

Legg ved ein offisiell sertifisert kopi av dokumentasjon på at du er lovleg etablert og har rett til å utøve yrket i den staten / det landet du er etablert i.

6.0 Dokumentasjon på arbeidserfaring

Dersom du ønsker å dokumentere tidlegare arbeidserfaring kan du føre opp tidlegare arbeidsdykk i tabell 1, «Arbeidserfaring». Sjå vedlegg 1 til dette skjemaet. Fyll inn felta i vedlegget og legg ved dokumentasjon på arbeidsoppdraga. Dette kan for eksempel vere dykkejournalar/dykkeloggar, referanse frå arbeidsgivar eller arbeidskontraktar.

7.0 Andre opplysningar

Her kan du til dømes skrive inn opplysningar om arbeid du har gjort eller skal gjere i Noreg.

Del 4: Informasjon om talet på vedlegg du legg ved søknaden, og korleis vi kan svare deg

8.0 Vedlegg til søknaden (førehandsmeldinga)

Skriv det samla talet på vedlegg, inkludert vedlegg 1, til søknaden (førehandsmeldinga) din: (skriv inn talet på vedlegg)

9.0 Korleis ønsker du svar på søknaden (førehandsmeldinga)?

Korleis kan vi gi deg svar på søknaden (førehandsmeldinga) din?

☐ Vanleg brevpost ☐ eDialog

10.0 Underskrift

Eg søker med dette om løyve til å bruke det utanlandske kompetansebeviset mitt i Noreg slik at eg kan jobbe som arbeidsdykkar/dykkeleiar innanfor Arbeidstilsynets myndigheitsområde for arbeidsdykking.

Eg har kompetansebevis som svarer til: (sett kryss)

☐ Dykkarbevis klasse A ☐ Dykkarbevis klasse B ☐ Dykkeleiar

Stad, land	Dato	Underskrift

Vedlegg 1

Tabell 1 Arbeidserfaring som dykkar/dykkeleiar

Vedlegg nr.	Perioden arbeidet blei utført (DD.MM.ÅÅÅÅ) – (DD.MM.ÅÅÅÅ)	I kva nasjonal-stat/land jobba du?	Maksimal djupne i meter	Dykketid i minutt	Arbeidsområde (f.eks. vitskapleg dykking, anleggsdykking, merdedykking etc.)	Brukt arbeidsutstyr (f.eks. borhammar, luftballong, sveiseutstyr etc.)	Namn, e-postadresse og telefonnummer til dykkarselskapet

Vedlegg nr.	Perioden arbeidet blei utført (DD.MM.ÅÅÅÅ) – (DD.MM.ÅÅÅÅ)	I kva nasjonal-stat/land jobba du?	Maksimal djupne i meter	Dykketid i minutt	Arbeidsområde (f.eks. vitskapleg dykking, anleggsdykking, merdedykking etc.)	Brukt arbeidsutstyr (f.eks. borhammar, luftballong, sveiseutstyr etc.)	Namn, e-postadresse og telefonnummer til dykkarselskapet